

Periodisk emnerapport – vår 2013

FRA1502

- 1 Det har ikkje vore avvik frå emneplanen.
- 2 Av 62 emnepåmelde studentar melde 52 studentar seg opp til eksamen, men av dei leverte berre 35 godkjend mappe og gjekk opp til munnleg eksamen. Seks studentar fekk A, tolv fekk B, tolv fekk C, to fekk D og tre fekk E som endeleg karakter. Snittet er litt høgare enn vanleg, difor meir enn tilfredsstillande. Dei aller fleste studentane har lagt ned ein solid arbeidsinnsats i sine skriftlege arbeid og vist evne til heve både språk- og kunnskapsnivået. Alt tyder på at hevinga av nivået kjem av at dei aller fleste har minst eitt semester bak seg frå før. Berre 10 av dei 35 studentane som fullførte, altså 30 %, har fylt ut evalueringsskjemaet. Det er difor litt vanskeleg å trekkje altfor bastante konklusjonar, di meir som svara sprikjer frå dei som er svært nøgde med emnet (undervisning, utbyte, tilbakemeldingar osv.), til dei som er litt eller lite nøgde. Mange er misnøgde med eksamensforma, så ho er kanskje moden for revisjon. I tillegg må ein vurdere seriøst å opne for at ein kan stryke i emnet, sjølv om mappa er godkjend, dersom den munnlege prestasjonen er altfor svak (det vil seie at kandidaten ikkje er i stand til å uttrykkje seg godt nok på fransk og har problem med å forstå til og med enkle spørsmål frå eksaminator). Dessverre avslørte skanning av mappene at ein student hadde altfor mykje avskrift, og at han/ho av den grunn måtte meldast.
- 3 10-12 studentar har følgd visningane av dokumentar- og spelefilmar knytte til emnet etter førelesingane. Dei har gitt uttrykk for at dei har hatt både glede og nytte av det.
- 4 Ingen særskild kommentar.
- 5 Ingen særskild kommentar.
- 6 Bruken av Classfronter til å leggje ut førelesingsdisposisjonar og dokument har fungert tilfredsstillande.

Etter omlegginga av bachelorstudiet har emnet sjølv sagt fått langt fleire ”program”-studentar enn før. I tillegg kjem studentane på årseininga som vel FRA1502. Trass i omlegginga er det eit stort fråfall av påmelde studentar, nesten 50 %. Er det ”programheltar” som melder seg på mange emne og vel bort FRA1502, eller er det studentar som fell frå fordi dei synest emnet er for vanskeleg/arbeidskrevjande eller for lite engasjerande?

Sidan det er siste gongen eg gir dette emnet, bør vel den nye ”eigaren” av emnet få høve til å revidere det både når det gjeld opplvegg, innhald og eksamensform.

Blindern, 26.08.13
Svein Erling Lorås